

Avtale.

Mellom Masfjorden kommune og Odin Utbygging A/S er det inngått følgjande avtale om overtaking av infrastruktur innanfor plangrensa til reguleringsplan/ utbyggingsområdet for Duesundøy.

1. Masfjorden kommune overtek dei kommunaltekniske anlegga (veg, vatn og avlaup) innanfor og utanfor utbyggingsområdet vederlagsfritt, og tek på seg drift og vedlikehald av anlegga frå avtalen tek til å gjelda. Ved dette vert punkt 4 sitt 4 ledd oppfylt i kjøpekontrakten mellom partane (tidlegare Reknes Byggjevere L.L.) av 20. desember 2006.
2. Odin Utbygging A/S overdreg følgjande tomter til Masfjorden kommune som kompensasjon for alle eventuelle manglar som er knytt til dei kommunaltekniske anlegga innanfor og utanfor utbyggingsområdet.
 - Tomt nr 2 (fleirmannsbustad)
 - Tomt nr 4 (fleirmannsbustad)
 - Tomt nr 6.(einebustad)

Tomtene Masfjorden kommune overtek er vist på vedlagde tomtekart av 26.11.2014, som ligg på baksida av denne avtalen. Desse tre tomtene, som Masfjorden kommune skal få som motytling for å overta ansvaret for infrastrukturen, skal vera utan heftingar av nokon slag inkludert økonomiske heftingar. Når overdraginga av alle dei tre tomtene er tinglyst, tek Masfjorden kommune over dei kommunaltekniske anlegga i samsvar med punkt 1 i denne avtalen. Anlegga vert dermed rekna som ferdigstilt.

Masfjorden kommune tek kostnadane med ny oppmåling/ delingsgebyr, samt tinglysing og dokumentavgift med utgangspunkt i at tomtene har følgjande verdi: Tomt 2 og 4 avgiftsgrunnlag kr 600.000,- per tomt. Tomt 6 avgiftsgrunnlag kr. 450.000,-.

Odin Utbygging A/S tek ansvaret for å skriva delingssøknad og arbeidet med å skriva ut skøyter.

3. Tinglysing:
Avtalen vert utferda i 3 - tre eksemplar, der kvar av partane beheld kvart sitt, og eitt er for tinglysningsmyndigheita dersom nokon av partane ynskjer tinglysing.
4. Eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med denne avtalen, og som ikkje har vorte løyst gjennom minnelege forhandlingar, skal kunna bringast inn for vanlege domstolar. Eigedomens sitt verneting, Nordhordland tingrett, vert avtalt som verneting.
5. Denne avtalen trer i kraft når den er godkjent av Masfjorden kommunestyre og underskriven av begge partar. Sjølve overtakinga av dei kommunaltekniske anlegga skjer når punkt 2 er oppfylt.

Masfjorden, den / 2014

For Masfjorden kommune

Karstein Totland

Knarvik, den 28/11 2014

For Odin Utbygging A/S

Egil Sagstad
Egil Sagstad

"denne notisen gjeldar til
1.3.15 - om ikke Masfjorden
Kommune har signert innen dato"